



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1983

Navnet på vatnet Ljørisvatnet  
Kommune ..... Sandnes

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## S V I H U S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 13. sept. 1973.

Vatnet ligg i Sandnes kommune, vest for Seldalsvatnet, og grensar i nord for ein stor del etter vegen mellom Sviland og Høle. I sør ligg Skoradalen og Svihusfjellet.

Arealet er omlag 60 ha, og h.o.h. 212 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn der største djup neppe er over ca. 20 m.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet eiskilte stader støyter like til vatnet.

Gjermebotn dominerar på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om kulturbeiter, dyrka mark, skogsmark og fjell. Her veks spredt bjørkeskog.

Det største tilsiget kjem frå Seldalsvatnet i aust og vidare fell det inn eit større bekketilsig på nordsida.

Avlaupet renn ut i vest til Skjeldbreidtjørna og vidare til Imsvassdraget.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 9.0 m og fargen på vatnet grønlig-gul.

Surheita pH er målt til 7.0 (neytralt vatn) og som er heilt ideelt for aure. I tilsigsbekken på nordsida vart pH målt til 5.3.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.75 mg/l og den totale hardheita 5.0 mg/l.

Dette er bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 42.3 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Då vatnet er regulert vil gjennomstrøyminga normalt vera liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 1 marflo, 1 igle, 1 vårflugelarve, 6 fåbørstemark, 4 fjærmygglarver, 1 døgnflugelarve og 1 vårflugepuppe i alt 150 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 metern gav som resultat 5 fåbørstemark, 12 fjærmygglarver, 1 vårflugelarve, 5 marflo, 1 igle, 12 muslingar og 1 døgnflugelarve eller samla 370 individ pr. m<sup>2</sup>.

På 10.0 m vart det funne 9 muslingar, 1 fjærmygglarve og 1 fåbørstemark tilsvarande 110 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at der er bra med næringsdyr i vatnet og dette er også eit av dei få vatna her i fylket kor det verdfulle næringsdyret "marflo" er å finna.


Før å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne marfle (gammarus), døgnflugelarver, linsekreps, muslingar, fjærmygglarver og vannøkjer. Ein ganske allsidig meny.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.0 m og eit vertikaltrekk på 10.0 m med planktonhov, og resultatata av begge prøvene må karakteriserast som fattige.

#### Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr og ål. Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 51 aurar og 3 røyr. Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Set vi opp ei grafisk framsynig av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 25 fiskar, og av desse var 17 stk. lysrøde, resten røde i fiskekjøttet.

Vidare var der 15 hanfiskar og 10 hofiskar.

2 av fiskane var svakt angripne av parasittar.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfer.

#### Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,5	9,0	13,9	18,7	20,9	21,8
Årleg lengdetilvekst i cm	4,5	4,5	4,9	4,8	2,2	0,9
Antall fiskar	25	25	25	22	12	3

Medel kendisjonsfaktor = 1,03 tilseier fisk av god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Svihusvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år). Som vi her vil sjå, er veksten i underkant av normalen like frå første år av, og etter 4 års alder avtar veksten sterkt. Fisken går mot ei maksimallengd på ca 24 cm, men det vil sjølvsagt finnast ein del fisk som er større enn dette.



### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Svihusvatnet karakteriserast som relativt næringsrikt, men overbefolka. Tilheva skulle liggja vel tilrette for fiskeproduksjon i dette vatnet. Dei kjemiske tilheva er gode og botnprøvene fortel at mange arter av dei verdfulle næringsdyra er å finna.

Omfarfordelinga syner, at det er småfisken som fullt ut dominerar i dag, og bortimot 50 % av fangsten vart teken på det eine garnet av omf. 32. Storparten av fisken vil vera mellom 18-21 cm. Vekstkurven er ikkje så god som ynskjeleg og dette kjem av, at fiskebestandet er i overkant av vatnet si bæreemne.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode.

Nedslagsfeltet til Svihusvatnet er godt i så måte, og sjølv om den bekken som fell inn på nordsida fører noko surt vatn, blir dette

nøytralisert i vatnet, og spelar såleis liten rolle. Gytetilheva for auren i Svihusvatnet må seiast å vera dårlege. Det kan vera stader i vatnet at fisken gyt, men det er truleg at ein del fisk frå Svihusvatnet vil gyte i tilsigsbekkene for Seldalsvatnet. At Svihusvatnet får ei viss rekruttering frå Seldalsvatnet må ein anta som sikkert. Dei kultiveringstiltaka som er foreslått i driftsplanen for Seldalsvatnet vil såleis også verka inn på Svihusvatnet.

Under prøvefisket vårt vart det berre fanga 3 røyr. Dette var for såvidt ikkje rart, då røyra held til i dei djupare vasslaga, og helst kjem inn på grunnare vatn ved gytetider om hausten.

#### Praktiske tiltak.

Vi vil fåreslå, at det blir skipa til eit grunneigarlag for Svihusvatnet og Seldalsvatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Om grunneigarlaget blir etablert, må ein gå igang med sal av fiskekort for stangfiske, og dermed skulle ein få neke innkomer ut av dette. Vatnet ligg lageleg til på alle vis, så det var sikkert ikkje få som ville prøve fiskelukka i Svihusvatnet.

Er grunneigarane interessert i å skipa eit lag, vil underskrivne om ynskjeleg, vera hjelpesam med dette.

Då fiskebestandet i Svihusvatnet er altfer stort i dag, må ein gå i gang med utfisking med småmaska garn (garna kan tingast hos underskrivne). Ved å kjøpe inn 8-10 garn av emf. 26-28-32 og fiske neke hardt med desse i dei næraste åra framever, vil mykje rette på seg.

Utfiskinga må sjølv sagt også femne om røyra. Ein må lokalisere gyteplassane og setje garna her ved gytetider om hausten. Som kjent har røyra stor formeringsemne, så om ein ikkje driv eit hardt garnfiske, har røyra lett for å bli dominerande i vatn der aure og røyr er i blanding.

Ved å gjennomføre dei tiltaka som her er peika på, skulle ein innan få år få fram eit godt fiskebestand i Svihusvatnet.

Etter 4-5 år bør det takast ein ny analyse.

Stavanger 11/2 1974

Einar Berg